

Båthamnane igjen utelatne

20.05.2011

**I bladet Sunnhordland si Sommaravis er båthamnane i Uskedalen utelatne.
Det skjønar vi godt når kjelda er den upresise Sunnhordlandsguiden.
Slik vert det når eit media brukar informasjon frå ein brosjyre som ikkje er fullstendig.**

Betre hadde det vore om ein la nettutgåva av Visit Sunnhordland til grunn.
Her skal lista over alle båthamnane i Sunnhordland vera oppdatert.

Uskedalen Utvikling har i merknad påpeika dette.

Sommaravisa til Sunnhordland kjem i fleire utgåver utover sommaren.
Vi forventar retting alt i neste utgåver.